



Gustav Bergstø heime på Korsnes

Torsdag til veka er det neste møte i Kvinnherad Senioruniversitet der temaet er det norske lakseeventyret og uskedelingen Gustav Bergstøs pionerinnatts for næringa vil naturleg nok vera ein del av den orientering som vert halde.

Kvinnherad sitt bidrag til eventyret blir med andre ord eit tema for Erlend Waatevik som skal ha orienteringa under tittelen Det norske lakseeventyret frå attåtning i Fjord--Norge til matproduksjon i verdensklasse.

Waatevik er oppvaksen på Mundheim i gamle Varaldsøy kommune og utdanna biolog frå Universitetet i Bergen og Norges fiskerihøgskule.

Heile sitt yrkesaktive liv har han jobba med villfisk og oppdrettsfisk og fått del i akvakulturutviklinga frå pionertida og fram til storindustrien som næringa er i dag.

Waatevik er ein framifrå formidlar og vil vidarebringe kunnskap med humor og snert, lovar Grethe Brundtland, den nye leiaren av Senioruniversitetet.

Møtet vert halde på Kvinnherad vidaregåande skule på Husnes klokka 11 torsdag 21. mars.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Natt ved oppdrettsanlegg (Foto: Geir Remme)